



Rustne Menn på Rehab på Stord sjukehus. F.v: Hans Gustav Mussland, Kristian Bringedal, Svein Rimestad, Reidar Myklebust og Tore Nordahl Pedsersen.

Song- og musikkgruppa Rustne Menn hadde eit spesielt oppdrag i går. Gruppa valde å ta turen til Stord sjukehus med konsert på Fysikalsk medisin og rehabiliteringssenter. Konserten var på dagstova og samla brukarane og personale på avdelingen. Det er kjend for dei fleste ar Reidar Myklebust, ein av gruppa sine faste medlemmer, er på opptrening etter eit slagtilfelle tidlegare i haust.

Rustne Menn var fulltalige på framføringa i går. Reidar var med i songen og slo rytmen på gitaren sin. Det rytmiske menneske og helse har ofte vore tema der Reidar Myklebust har stått fram med føredrag og innslag i pensjonistforeningar og helselag. No vert kunnskapen brukt til eigen trening i det å fremja betre funksjon og livsmeistring.

Rustne Menn med hadde med julesongar, tekstar av Erik Bye, songar knytta til kystkultur og ikkje minst songen The Fields of Athenry, tekst skriven av Peter Mooney og som refererer til den store hungersnauda i Irland 1845 - 1850. Det er ein sterk tekst der straffangar vert sende med fangeskip til Botany Bay i Australia.

Seksjonen Rehab driv døgnteneste og behandling av skade og sjukdomar som har ført til funksjonsnedsetting, til dømes frå slagtilfelle. Rehabavdelingen på Stord dekkar brukarar frå heile Helse Fonna. Seksjonen har mellom anna tilbod innan logopedi, fysioterapi og ergoterapi. Døgnposten held til i 3. høgda i hovudbygget.

Reidar fortel i dag til Uskedalen.no at alle på avdelingen var gode nøgde med Rustne Menn si framføring i går. I dag er det konserten og møte med uskedelingane som er det store samtaletema på døgnposten.

Tekst: Svein Rimestad/Kristian Bringedal

Foto: Ellen Swenke

Nett: Kristian Bringedal

